



Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ IN

Dato: 19.06.2019

Arkivk.: lk/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 01 I LANGRENNSKOMITEEN, 2019-2021

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Tysdag 18. juni 2019, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 01 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 02 19-21 Konstituering av Langrennskomiteen 2019-2021

SAK 03 19-21 Handlingsplan 2019-2021

SAK 04 19-21 Krinslaget 2019-2020

SAK 05 19-21 Breiddesamlingar 12-16 år

RAPPORTERING

SAK 06 19-21 Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019

ORIENTERINGSSAKER

SAK 07 19-21 Orientering frå Vårmøtet NSF Langrenn

EVENTUELT

SAK 08 19-21 Idrettsordningar på vidaregåande skule

TIL STADES: Tor Arne Hov, Adrian Helgheim, Laila Bosdal-Thorsen, Roger Aa Djupvik og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL: Anne Lilleaasen

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 01 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 02 19-21

Konstituering av Langrennskomiteen 2019-2021 Bakgrunn

Arbeidsfordeling og val til følgende funksjonar:

- Nestleiar
- Medlem til anleggskomiteen
- Økonomi/sponsor ansvarleg
- Utdanning/ utvikling ansvarleg
- Terminliste ansvarleg
- etc.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer følgende vedtak i saka:

- Nestleiar: Laila Bosdal-Thorsen
- Medlem til anleggskomiteen: Anne Lilleaasen
- Økonomi/sponsor ansvarleg: Anne Lilleaasen
- Utdanning/ utvikling ansvarleg: Laila Bosdal-Thorsen
- Sportsleg ansvarleg: Roger Aa Djupvik
- Terminliste ansvarleg: Adrian Helgheim

SAK 03 19-21

Handlingsplan 2019-2021 Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta langrennskomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

SAK 04 19-21

Krinslaget 2019-2020 Bakgrunn

Krinslaget i langrenn 2019-2020 består av til saman 41 utøvarar (pr. 01.06.2019).

24 utøvarar er knytt til det ordinære krinslaget, der 3 løparar har «vinterpakke». Nokre av desse deltek på enkeltsamlingar etter avtale.

Impulslaget (f. 2004) består av 17 utøvarar.

Trenarar 2019-2020

Hovudtrenar: Simen Bækken og Roger Øye Pollen
Andre trenarar som vert nytta på samlingar:

- Eivind Øygard
- Bertine Thorsen Lefdal
- Elise S. Bakke

I tillegg vil ein nytte seg av Mathias Lilleheim som ekstern ressurs på basistrening.

Krinslagskontingent 2019-2020

- Impulslag (2004): Kr. 4 000,-
- Junior (2002-2003): Kr. 12 000,-
- Eldre Junior (2000-2001): Kr. 13 000,-
- Senior (1999-): Kr. 15 000,-
(inkl. opne samlingar med Team Veidekke Vest)

For utøvarar som ikkje ynskjer å delta på samlingsopplegget, men som har planar om å delta på nasjonale arrangement kommande vinter kan ein ta del i skikrinsen sitt fellesopplegg vinterstid ved å «kjøpe» ein «vinterpakke»:

- «vinterpakke» junior, kr. 6 500,- (inkl. krinslagsklede)
- «vinterpakke» senior, kr. 8 500,- (inkl. krinslagsklede)

Ved å gjere seg nytte av denne «pakken» vil ein få eit tilrettelagt opplegg ifbm. nasjonale renn og meisterskap knytt til smøring av ski og logistikk.

Ver merksam på at krinslagsbekledninga er inkludert i kontingenten for «vinterpakkane».

For utøvarar med «vinterpakke» og som ynskjer å delta på nokre avtalte samlingar betalar ein kr. 200,- pr. samlingsdag i tillegg til kostnad med overnatting (jf. vedtak i Sak 32 17-19).

Samlingsplan 2019-2020

Fokus	Stad	Dato	Senior/ Eldre Jr.	Junior	Impuls
Barmark	Sogndal	03.-05. mai	X	X	
Ski/ barmark	Sognefjellet /Skjolden	06.-10. juni	X	X	
Barmark	Førde	29. juni - 02. juli	X	X	X
Barmark	Markane	15.-18. august	X	X	
Barmark	Jølster	12.-15. september	X	X	X
Barmark	Hemsedal	27. sept. - 01. oktober	X	X	
Barmark	Førde	09.-13. oktober	X	X	
Ski	Beitostølen	13.-17. november	X	X	X
Ski	Gålå	27. nov.-01. des.	X		

For seniorutøverane er det også blitt lagt til rette for samlingar saman med Team Veidekke Vest.

Vidare er samlinga i Markane gjennomført saman med Møre og Romsdal Skikrets og Landslinja i skiskyting ved Stryn vgs., medan samlinga i Hemsedal vert gjennomført saman med Team Hallingdal/ Buskerud Skikrets.

LK-leiar og adm. orienterte om saka i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

Vidare følgjer komiteen og adm. opp tilrettelegging av samlingar (særleg med impuls) og fokus på haldningsskapande arbeid rundt krinslaget.

SAK 05 19-21

Breiddesamlingar 12-16 år

Bakgrunn

Av breiddesamlingar i 2019 er det førebels planlagt;

- Sognefjellet Sommarskiskule 23.-27. juni, ca. 27 deltakarar f. 2002-2008;
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/sognefjellet-sommarskiskule/>

Vidare har dette vore «faste» breiddesamlingar:

- Ullsheim i september i samarbeid med Markane IL og med Sjur Ole Svarstad som hovudtrenar. Her har skikrinsen stilt med trenarar.
- Jentesamlingar haust og vinter

Samlingar der Sogn og Fjordane Skikrins er samarbeidspart;

- Enivest Skiskule i Førde v/ Førde IL og Gjøran Tefre i perioden 10.-13. oktober 2019 (aldersgruppe 2004-2008);
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2019/6/enivest-skiskule-2019/>
- «Treningssamling på tvers» (12 år og eldre) på Idrettens Møteplass, Sandane 26. oktober 2019.

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om at adm. kontaktar Markane IL v/ Margunn Hjelmset for å avtale tidspunkt for samling på Ullsheim i september.

RAPPORTERING

SAK 06 19-21

Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019 er lagt ved som eige vedlegg. Rapporten vart presentert i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 07 19-21

Orientering frå Vår møtet NSF Langrenn Bakgrunn

Norges Skiforbund Langrenn sitt Vår møte (fagmøte) vart avvikla 14.-16. juni 2019 på Gardermoen. Tor Arne Hov måtte melde forfall til møtet og langrennskomiteen var ikkje representerte i møtet.

Administrasjonen deltok på ei sak på fagmøtet.

Adm. orienterte om saka i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

EVENTUELT SAK 08 19-21

Idrettsordningar på vidaregåande skule Bakgrunn

Idrettskrinsen ber om tilbakemelding i vidare arbeid med idrettsordningar for potensielle toppidrettsutøvarar på vidaregåande skule i nye Vestland fylke.

Bakgrunn frå Idrettskrinsen:

Tidlegare i vinter fekk vi orientering frå Opplæringsavdelinga om at det ikkje ville bli lagt opp til medverknad frå idretten på korleis idrettsordningane i vgs skulle bli i Vestland fylke. I dag har vi «spissa idrettsordning» for fotball og volleyball (skiskyting er no landslinje), og ordninga for «potensielle toppidrettsutøvarar» for dei andre idrettane. I Hordaland er det toppidrettslinjer ved skular i Bergen og på Voss, koordinert av Olympiatoppen.

Vi ynskjer å vere «på», og både bli orientert om kva som er status frå fylket si side, og å få kome med våre innspel til ordninga vidare. Merk at for skuleåret 2019-2020 vert det ingen endringar, men vi har i dag ikkje noko informasjon om kva som er planlagt vidare.

Sogn og Fjordane og Hordaland IK, samt Olympiatoppen Vest har difor bedt om eit møte med Rune Haugsdal, prosjektleiar for samanslåinga av dei to fylka. Vårt mål med møtet er å få ein status frå fylkeskommunen si side på kvar dei er i prosessen, og å formidle status og innspel frå idretten.

Idrettskrinsen ber om tilbakemelding når det gjeld evaluering av dagens ordningar og innspel vidare på følgjande:

- Kva fungerer bra med dagens ordningar?
- Kva kunne ha fungert betre?
- Kva innspel har de til Idrettskrinsen og fylkeskommunen for prosessen vidare og idrettsordningar på vgs i framtida?

Langrennskomiteen diskuterte saka i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen kjem med følgjande innspel om idrettsordningar i vidaregåande skular:

- Evaluering av dagens ordningar
 - Det manglar føringar til vgs. på korleis ordninga skal praktiserast, særleg på gyldig frávær.
- Innspel på idrettsordningar i vgs. i framtida
 - Det er viktig å ivareta idretten sine interesser.
 - Tydelege føringar frå fylkeskommunen på korleis ordningar skal praktiserast, der informasjon og praktisering ved Sogndal vgs. bør vere eit utgangspunkt:

Rutine for permisjonar knytt til frávær for aktivitetar som kultur og idrett o.l ved Sogndal vidaregåande skule.

Målsetjing: Sogndal vgs ønskjer å tilrettelegge skulekvardagen slik at elevar som satsar målretta innan kultur og idrett kan utøve aktiviteten sin ved sidan av skulegang.

I henhold til skulereglementet til Sogndal vidaregåande skule (punkt 8.4 f), kan elevar etter søknad krevje at inntil 10 dagar med frávær knytt til m.a. 'representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå' ikkje vert ført på vitnemålet.

I tillegg til denne mulegheita, har Sogndal vidaregåande skule følgjande rutinar for frávær knytt til kultur og idrett:

- a) Elevar som er inntekne på ordningane spissa idrettstilbod og potensielle toppidrettsutøvarar i samarbeid med Sogn og Fjordane idrettskrins, har rett på idrettspermisjon utan frávær på aktivitetar som går føre seg i regi av den einskilde særkrins, eller på nasjonalt nivå i klubb. Her kjem òg aktivitetar knytt til representasjon på landslag o.l.*
- b) Andre elevar kan søkje permisjon på same grunnlag som i punkt a) for å delta i konkurranse og aktivitetar i sin idrett/kulturaktivitet. Me viser her til forskrift til opplæringslova §3-47 (organisert studiearbeid eller studieadministrative gjeremål etter avtale med faglærar eller rektor skal ikkje reknast som frávær)*
 - a. Desse søknadane skal vurderast i kvart einskild tilfelle, og vedtak vert gjort av avdelingsleiar i samråd med den einskilde faglærar i faget eleven får frávær/permisjon i*
 - b. Godkjenning av dette fráværet avhenger av kva eleven mister av skulearbeid, og nivået på aktiviteten eleven søkjer permisjon til*
 - c. Skulefaglege vurderingar må ligge til grunn, og viss det ikkje vert vurdert som «fagleg forsvarleg» vil ikkje permisjon verte gjeven. I so fall vil det bli ført vanleg frávær utan dokumentasjon.*

For begge fråværs punkta a) og b), har eleven ansvar for å sikre god dialog med faglærarane, slik at ein kan følgje fagleg progresjon i alle faga ein mister ved permisjon/fråvær. Ein open dialog med den einskilde faglærer og oppfølging av avtalar om skulearbeid er ein føresetnad for at det ikkje skal forast fråvær. Eleven må sikre seg deltaking i vurderingssituasjonar.

Skulen minner elles om § 3-3 i forskrift til opplæringslova, om grunnlaget til vurdering i fag, som seier at stort fråvær eller andre grunnar kan føre til at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gje halvårsvurdering med karakter eller standpunkt vurdering

Eleven sine plikter. For at permisjonen skal verte godkjent må eleven:

- 1) Legge inn fråværet sitt i skulearena som «Anna undervisning/ studiearbeid etter avtale», som hovudregel minst ei veke på førehand (fristen kan i særskilte tilfelle vere kortare)*
- 2) Ta kontakt med kontaktlærer og alle involverte faglærarar, der ein ber om permisjon og avtaler arbeid til sjølvstudium. Eleven fører avtalt studiearbeid inn i dette skjema (på andre sida), og får faglærer til å signere at det som avtalt.*
- 3) Levere dette skjema (søknad om permisjon) ferdig utfylt til avdelingsleiar.*

Konsekvensar for eleven med misbruk av ordninga:

- Brot på retningslinene for fråvær/permisjon vil føre til:
 - o «Ikkje godkjent» fråvær vil komme på vitnemålet som ordinært/udokumentert fråvær*
 - o Varsel om nedsatt karakter i orden**
- Gjenteke brot på retningslinene for fråvær/permisjon vil føre til:
 - o Eleven mister retten til å søke permisjon/fråvær inneverande skuleår*
 - o Nedsatt karakter i orden**

Innspela frå langrennskomiteen vert tatt vidare til Skikrinsstyret for endeleg innspel til Idrettskrinsen.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef